

Roald Dahls

**CHARLIE OG
SJOKOLADE-
FABRIKKEN**



SONGLISTE




1. WILLY WONKA, WILLY WONKA
 2. CHARLIE, DU & EG
 3. EIT BREV FRÅ CHARLIE BUCKET
 4. MEIR AV HEILE HAN
 5. NÅR VERUCA SEIER
 6. DRONNING POP
 7. ALDRI OM DET HER SLÅR FEIL
 8. DERSOM FAR DIN VAR HER
 9. EG HAR FÅTT GULLBILLETEN
 10. DU SER DET IKKJE FØR DU FORSTÅR
 11. STRYK DET
 12. REINE FANTASJAR
 13. OMPA LOMPA-SONGEN
 14. DA WILLY MØTTE OMPA
 15. BLÅFJES
 16. VERUCA-SUITEN
 17. VIDIOT
 18. UTSIKTA HERIFRÅ
 19. DU SER DET IKKJE FØR DU FORSTÅR (reprise)
- 
- 
- 
- 



FAKTA:

Ordet sjokolade kjem
truleg frå aztekisk
xococ (sur, bitter,
krydra) og atl (vatn).





Roald Dahls

CHARLIE OG SJOKOLADEFABRIKKEN

Manus av **David Greig**

Musikk av **Marc Shaiman**

Songtekstar av **Scott Wittman og Marc Shaiman**

Basert på boka av **Roald Dahl**

Songar frå filmen av **Leslie Bricusse og Anthony Newley**

Originale orkestreringar **Doug Besterman**

Arrangement **Marc Shaiman**

OMSETJING: **RUNAR GUDNASON**

Willy Wonka	FRIDTJOF STENSÆTH JOSEFSEN
Charlie Bucket	OLE OPSAL STAVRUM / PETER ANDREAS HJELLNES MOSENG
Bestefar Joe	PÅL CHRISTIAN EGGEN
Herr Salt, mfl.	GEIR KVARME
Veruca Salt, mfl.	CATHARINA VU/ JULIE STØP HUSBY
Fru Gloop mfl.	ELLEN BIRGITTE WINTHER
Augustus Gloop mfl.	KRISTOFFER OLSEN
Herr Beauregarde mfl.	PAUL-OTTAR HAGA
Violet Beauregarde mfl.	TIRIL HEIDE-STEEN
Fru Teavee mfl.	CHRISTIAN RUUD KALLUM / JOAKIM OUSDAL
Mike Teavee mfl.	HANS MAGNUS HILDERSHAVN RYE
Fru Bucket mfl.	INGRID JØRGENSEN DRAGLAND
Miss Green mfl.	HILDE OLAUSSON
Ompa Lompa mfl.	AMANDA FLORNES KAMARA
Ompa Lompa mfl.	RAGNHILD MELING ENOKSEN
Ompa Lompa mfl.	EMIL RODRIGO JØRGENSEN / MANISH SHARMA
Ompa Lompa mfl.	GINA BERNHOFT GØRVELL
Ompa Lompa mfl.	GAUTE ADELA AASTORP CUDJOE
Ompa Lompa mfl.	JONAS FUGLEVIK URSTAD / JOAKIM OUSDAL
Bestemor Josefina	UNN VIBEKE HOL
Bestefar George mfl.	PAUL ÅGE JOHANNESSEN
Bestemor Georgina	ØYVIN BERVEN / SVEIN ROGER KARLSEN
Statistar	MARIUS NOREGER OG BJØRN WIDMARK / MORTEN BJØRN-HANSEN OG STENE EVENSEN

NOREGSPREMIERE 9. NOVEMBER 2019 PÅ HOVUDSCENEN

MUSIKARAR

Kapellmeister og tangentar	SVENN ERIK KRISTOFFERSEN
Tangentar	KNUT LØCHSEN
Tangentar	STÅLE SLETNER
Trompet	JENS PETER ANTONSEN / LASSE ROSSING
Trombone	KRISTOFFER KOMPEN / LARS SUTTERUD
Treblås	BØRGE ARE HALVORSEN
Treblås	NILS JANSEN / ARILD STAV
Fiolin	BJARNE MAGNUS JENSEN / SILJE HAUGAN
Cello	KATRINE PEDERSEN / KARI NESDAL SANDNES
Trommer	CHRISTIAN SVENSSON
Gitarar	MATS GRØNNER / KJETIL ROSTAD
Bass	MARIUS REKSJØ / HÅKON EIVIND LARSEN
Musikkteknologi	PHIJ ADAMS
Regissør	VIDAR MAGNUSSEN
Scenograf	GJERMUND ANDRESEN
Kostymedesignar	CHRISTINA LOVERY
Lysdesignar	TORKEL SKJÆRVEN
Koreograf	BELINDA BRAZA
Orkestreringar	DOUG BESTERMAN
Arrangement	MARC SHAIMAN
Musikkansvarleg	LARS BLEIKLIE DEVIK
Lyddesignar	LARS HAREIDE SWENSON
Lyddesignar	LARS HAREIDE SWENSON
Videoanimasjon	ANIMASKIN
Dramaturg	MATILDE HOLDHUS / INGRID WEME NILSEN
Inspisient	ERLEND STAMNES
Produksjonsmedarbeidar	GRY HEGE ESPENES
Rekvisitørar	ÅSHILD MJELDE NORDÅS, TONE BERNHOFT OSA OG MARTHE FEIRING
Maskør og parykkmakar	MALIN MOE JONES
Kostymekoordinator	TORHILD JENSEN
Koordinator snikkarverkstad/smie	ELSE WETTRE
Koordinator målarsalen	HELENA GLEICHGEWICHT
Masker og figurar	OLE JACOB BØRRETZEN
Songpedagog	STÅLE YTTERLI
Repetitør	STÅLE SLETNER
Video	NIKOLAI BERGSTRØM OG RAYMOND STUBBERUD
Lydteknikarar	CHRISTOPHER WOXHOLT
Lysmeistrar	ELLEN SYLVIA HUUSE OG ALEKSANDER KOLSTAD
Scenemeister	KALLE VON HIRSCH
Scenografassistent	MARIT MILVANG
Barnepassar	BOLEK A. G. ALEKSANDERSSON / DINA PADOIN

Produsert på West End og Broadway av

Warner Bros. Theatre Ventures
Langley Park Productions
Neal Street Productions

TAKK TIL

Conaxess Trade Norway AS – Green star – Laktosfri Mjølkkchoklad
Arvid Nordquist Norge AS AB – Tony's Chocolonely

Foto: Side 3-5, 8, 9, 31 og 32: Siren Høyland Sæter
Framsyningsfoto: Erik Berg
Foto omslag og s. 54-55: Eirik Malmo
Bilda er tatt i prøveperioden

I redaksjonen: Ingrid Weme Nilsen, Vidar Magnussen, Maia Strand, Åsne Dahl Torp, Guro Redalen, Ida Michaelsen

Grafisk design og trykk: 07 Media

Grafisk design på Wonka-sjokoladen og gullbillett: Dorte Walstad

Andre illustrasjonar er ved Quentin Blake og er henta frå boka *Charlie og sjokoladefabrikken*. Boka er til sals i teaterbutikken i første høgd.






FAKTA OM ROALD DAHL

- Født 13. september 1916, og døde 23. november 1990.
- Født i Wales, men både faren og mora kom frå Noreg.
- Kalla opp etter polfararen Roald Amundsen, ein norsk nasjonalhelt på den tida.
- Kvar sommar fram til han var 17 år ferierte han i Noreg, i Oslo og Tjøme.
- Snakka engelsk, norsk og swahili.
- Var sjokoladesmakar for ein sjokoladefabrikk da han var ung. Dette sette fart i draumen om å bli sjokoladeoppfinnar. Ideen om dette kom tilbake til han da han skulle skrive si andre barnebok.
- Kjend for å ha funne opp mange nye ord: Trogglehumper betyr mareritt, Wizzpopping betyr å fise, og Quogwinkle betyr romvesen.
- Hadde ei lita skrivestue i hagen, og i eit intervju fortalde han at han så å seie aldri rydda eller vaska der. Der sat han i ein lenestol og skreiv historiene for hand.
- Han brukte seks spissa blyantar gjennom skriveøkta som vara i 4,5 timar.
- Quentin Blake er den mest kjende illustratøren av Dahls barnebøker.
- Roald Dahl skreiv totalt 30 barnebøker.
- Bøkene er omsette til 60 språk.
- Han har seld over 250 millionar bøker.

- I originalmanuset var Charlie mørkhuda, men Roald Dahl blei anbefalt å gjere det om. Forlaget til Dahl meinte at det var for kontroversielt i den tida boka kom ut. Slik er det heldigvis ikkje i dag.
- Roald Dahl endra nesten alle namna på karakterane i boka. Til dømes blei Ompa Lompa eigentleg kalla Whipler-Scruppets, og Willy Wonka var Mr. Ritchie fram til Dahl hugsa på bumerangen broren Louis fann opp da dei var små. Bumerangen blei kalla Skilly Wonka.
- I 1972 kom bok nr to, *Charlie og glassheisen*, og det skulle eigentleg bli ei tredje bok om Charlie, kalla *Charlie in the white house*. Boka var dessverre ikkje skriven ferdig da Roald Dahl døydde i 1990.
- Da Roald Dahl blei gravlagt blei det som i ei vikinggrav lagt med eit par av favoritt-tinga hans. Sjokolade, raudvin, kvessa HB-blyantar, biljardkøar og ei motorsag var noko av det som blei lagt i grava til Dahl.









HEIMELAGA SJOKOLADEPÅLEGG

Godt brød med heimelaga sjokoladepålegg, det er godt det! Oppskrifta er enkel og rask med berre tre ingrediensar.

DU TRENG:

200 g mørk sjokolade

2 dl kremfløyte

75 g mjukt smør i terningar

SLIK GJER DU:

1. Hakk sjokoladen i terningar og ha i ei skål.
2. Varm fløyten opp til kokepunktet. Pass på at det ikkje kokar.
3. Hell den varme fløyten over sjokoladen medan du vispar til sjokoladen er heilt smelta.
4. Tilsett så smøret gradvis i bollen med sjokolade og fløyte, og rør til det er ein glatt fin masse.
5. Ha sjokoladepålegget over i eit reint glas med lokk. Nyt ei brødslike med lunt sjokoladepålegg med ein gong, eller sett pålegget kaldt til du skal ete det.

Pålegget er haldbart i 1-2 veker i kjøleskapet. Det kan vere lurt å ta sjokoladepålegget ut av kjøleskapet litt før du skal smørje det på skiva. Det er forresten superdigg med frukt eller bær på toppen av sjokoladepålegget, til dømes litt mandarin, eple, banan, jordbær eller blåbær.

Henta frå Opplysningskontoret for brød og korn – brodogkorn.no

SJOKOLADEDYPPA JORDBÆR

Jordbær og sjokolade høyrer saman, og med litt ekstra strø som pynt blir det både ekstra godt og freistande på festbordet.

DU TRENG

- 1 korg jordbær, omlag 400 gram
- 150 g mørk sjokolade
- 8 ss kokosmasse eller anna strø som kakepynt, hakka nøtter eller krokan

SLIK GJER DU

1. Hakk sjokoladen. Ha han i ein liten stål- eller glasbolle og sett bollen over ein kasserolle med varmt vatn. Pass på at vatnet ikkje kokar, da kan det bli for varmt for sjokoladen.
2. Dypp jordbæra i sjokoladen, eit etter eit. La overflødig sjokolade få drype litt av før du legg jordbæra over på eit lite Brett (eller liknande), dekk med bakepapir. Ta på strø etter ønske.
3. Sett brettet i kjøleskapet og la jordbæra ligge der til sjokoladen har stivna heilt.

Henta frå matprat.no

VARM SJOKOLADE MED MARSHMALLOW

Herleg, varm sjokolademjølke med marshmallow både i koppen og på topp. Oppskrifta er nok til fire personar.

DU TRENG

1 l mjølke
1 ½ plate kokesjokolade
Marshmallow
(små eller del i mindre bitar)

SLIK GJER DU

1. Bryt sjokoladen opp i mindre bitar.
2. Kok forsiktig opp mjølke medan du rører rundt.
3. Ta kjelen av den varme plata, og ha i sjokoladebitane.
4. Rør rundt til sjokoladen har smelta inn i mjølka.
5. Legg 2–3 små marshmallowar i botn av eit krus eller ein stor kopp før du heller den varme sjokoladen over.
6. Pynt med marshmallow på toppen før servering.

Henta frå tine.no

PEANØTTSJOKOLADE

Peanøttsjokolade er ei enkel godsak du kan lage. Salt og søtt er alltid perfekt kombinasjon, og her skal du berre smelte sjokoladen og så røre inn peanøttene. Er du allergisk mot peanøtter kan du sjølvsagt bruke ein annan type nøtter.

DU TRENG

100 g mørk sjokolade
1–2 dl salte peanøtter
Små muffins-/konfektformer/
fat med bakepapir

SLIK GJER DU

1. Grovhakk sjokoladen.
2. Kok opp ein liten kasserolle med vatn, sett ein bolle som toler varme over og smelt sjokoladen over dette vassbadet.
3. Vend inn ønska mengde salte peanøtter.
4. Fordel i små muffins-/konfektformer. Eventuelt tøm sjokoladen utover eit fat med bakepapir.
5. La stivne i kjøleskap.

Oppbevar konfekten i kjøleskap, og den held seg lenge.

Henta frå kvardagsmat.no

SJOKOLADE MED PISTASJNØTTER OG TRANEBÆR

Sjokolade med pistasjnøtter og tranebær er nesten så enkel å lage at det ikkje trengst oppskrift. Dette handlar i hovudsak om å smelte sjokolade og legge til nokre gode smakar.

Ei klype salt gjer underverk saman med det søte, og bortsett frå det kan du nesten tilsetje kva det skulle vere av dine favorittar.

DU TRENG

100 g mørk sjokolade
2 ss pistasjnøtter
1–2 ss tranebær
1 god klype flaksalt

SLIK GJER DU

1. Knekk sjokoladen i bitar og smelt den over vassbad.
2. Hakk opp pistasjnøtter og tranebær.
3. Gjer klar ei form (t.d. 10 x 30 cm), dess større form dess tynnare sjokoladeplate. Kle forma med plastfolie.
4. Rør inn saltet i den smelta sjokoladen og hell den så over i forma.
5. Strø over pistasjnøtter og tranebær og sett forma i kjøleskap (eller frysar om du har dårleg tid) til det har stivna.

Henta frå kvardagsmat.no

SJOKOLADEIS

Det fine med is laga av søt kondensert mjølk (sjå etter ein hermetikkboks på butikken) er at du ikkje treng iskremmaskin, og den lagar seg sjølv over natta.

DU TRENG

(til omlag 2 liter is)

6 dl kremfløyte
400 g søt kondensert mjølk
100 g mørk sjokolade
1 ss pulverkaffi
Ei form eller ein boks med lokk å ha isen i


SLIK GJER DU

1. Rør ut pulverkaffi i vatnet til det er oppløyst. La avkjøle litt.
2. Ha kremfløyte og søt kondensert mjølk saman med den avkjølte kaffien i ein bolle og visp til krem. (Dette tek litt lenger tid enn med berre kremfløyte).
3. Hakk sjokoladen i bitar og vend inn i fløytemassen.
4. Hell over i form, dekk til, og sett i frysaren over natta.
5. Ta ut isen litt før servering og la den tine litt før du kan servere deilig heimelaga mokaais.

Henta frå kvardagsmat.no








Dette er leikeplassen Gjermund Andresen kom forbi.

Å GJERE DET UMOGLIGE

Ein kveld Gjermund Andresen var ute og lufta hunden, kom han forbi ein leikeplass ved Akerselva. Der fekk han auge på noko som skulle bli avgjerande for forma som pregar Hovudscenen på Det Norske Teatret denne sesongen. Der dei fleste andre forbi passerande berre såg ein leikeplass, stålrøyr på ei gummimatte eller stenger til å klatre i, hadde scenografen på *Charlie og sjokoladefabrikken* ein slags augneblink. Han hadde nemleg funne hovudforma si, ho som bryt med andre former og som var akkurat ho han jakta på.

- Ideen min var å skape ein slags futuristisk teaterfabrikk, seier scenografen om arbeidet med *Charlie og sjokoladefabrikken*.
- Og der var han!

Lenge hadde Gjermund hatt ein idé om å lage ei grunnform som kunne ramme inn heile scenen. Som gav assosiasjonar til 50- og 60-talet, eller som ville gi ein slags Dr. Strangelove-kjensle. Litt James Bond på eit vis. Ei form han kunne fylle inn med element som ville bevare teaterleiken og som ville sette fantasien i sving hos publikum. Saman med kostymedesignar Christina Lovery skulle han skape eit univers som romma både fattigdom, engelske arbeidarklassestrøk, den lokale aviskiosken på hjørnet samt den spinnville fabrikk til Willy Wonka som er proppfull av dei vidunderlegaste fargar og figurar. Eit ensemble på 23 skodespelarar skulle gi liv til alle karakterane – både dei aller fattigaste og dei mest fantasifulle kreatura som finst. Men meir enn noko anna ville han at alle barna skulle få oppleve teatermagi på sitt beste!



- Eg har teikna heile livet. Vore oppteken av former og fargar og ting rundt meg. Som 9-åring hadde eg ansvaret for vindaugsutstillinga i bestefar sin bokhandel og eg har alltid den 9-åringen i tankane når eg lagar teater for dei yngste.

Når scenografen og kostymedesignaren skal starte arbeidet med ei framsyning som *Charlie og sjokoladefabrikken* er det mykje som skal stemme. Dei må sjølv sagt dykke ned i manus og omsette forteljinga til eit moderne språk. Dei skal ikkje berre vere kreative, overgå seg sjølve, vidareføre regissør Vidar Magnussens humoristiske grep og lage noko som spreier glede og som appellerer til publikum. Dei må også tenke på at kostyma skal vere funksjonelle, at dekorasjonen skal kunne bli rigga fort opp og ned for å spele i repertoar, at budsjettet held og at tryggleiken er god.

- Det er eigentleg ei umogleg oppgåve, men det er SÅ gøy, seier dei begge. – Særleg når alt blir produsert, når kostyma sit på den rette kroppen, når teikningane blir til verkelege konstruksjonar og når teknikken funkar, da veit vi at vi har dei beste yrka i verda.

Willy Wonkas fabrikk i sceneversjon er så stor at den knapt får plass på verkstadene på teateret. Her finst i tillegg til ramma rundt scenen, eller hovudforma, ein ti meter høg sjokoladefoss, rulleband til 45 nøtter så store som badeballar, ein fem meter høg tyggismaskin med 55 store glittertyggisballar, 0,5 kilometer LED-lys, ein sjokoladeelvebåt, ein flygande glasheis, eit fire meter høgt ekorn og ein hær av Ompa Lompaar. Legg ein til eit tolvmanns-orkester og over 100 ulike kostyme og 50 parykkar, skjønar ein at dette er ein produksjon som verkeleg får det til å knake i veggane på teateret når det gjeld volum og kapasitet.



- Dette er ingeniørkunst, flirer kostymedesigneren som undervegs spurde seg sjølv om kva ho eigentleg hadde sett i gang. Violet som skal bli blåst opp til eit blåbær, erma til Veruca som skal ha sløyfer på innsida, og ein sverm med ekorn og lysande figurar.
- Her har vi forska oss fram til korleis dette kan bli løyst på scenen. Vi har nerda mykje i prøverommet, hahaha!

Til hæren med Ompa Lompaar har ho forsøkt å etterlikne former i naturen. Og der naturen er genial og viser til uendeleg med moglegheiter, har Christina alliert seg med ei kostymeavdeling som i eit halvår har bretta opp erma og jobba fram kreative løysingar. Dei har med matematisk presisjon studert mønster, lys og funksjon og har modellert fram kompliserte kostyme som skal løfte Ompa Lompaane inn i ein moderne fantasi. Den noko gamaldagse førestillinga av dei som kortvaksne ville designaren vekk frå.

- Eg skal overraske med geleaktige, utanomjordiske vesen som er mellom halvannan og to meter høge! Eg kan ikkje med ord få sagt kor imponert eg er over dei som arbeider på kostymeavdelinga her. Sjølv etter 20 år i faget har eg har lært utruleg mykje om tilpassing, form og konstruksjon under denne produksjonen, seier Christina.

At både Gjermund Andresen og Christina Lovery har studert i England kom godt med da dei skulle fargelegge den engelske fattigdomen. – Vi hadde ikkje lyst å romantisere fattigdomen, men ønsket er jo å kunne aktualisere at den finst i dag. Det er jo ingen som svelt, men dårleg ernæring kan vere eit teikn på lågare sosial status. Vi er meir i Thatchers England enn i ei tid fjern frå vår, der fattigdom gjerne blir illustrert med sveltande folk, seier Christina.



- Og da ville eg at kontrasten til fabrikkjen skulle verke desto større. Der er vi i eit slags 60-tals-palass av ein fabrikk. Hovudscenen er gjort om til ein gigantisk leikeplass og midt i det heile står Willy Wonka og dirigerer moroa, seier Gjermund.

Når verdas mest kjende sjokoladedirektør blir presentert i boka til Roald Dahl er det ikkje sansen for det søte som blir framheva. Nei, Willy Wonkas gjennomført estetiske framtoning er det første vi blir introduserte for. Flosshatten, snippkjolen, fløyelsstoffet, fargane, snittet. Ein eksentrikar tydelegvis, men også ein mann med stil!

- Eg trur han er litt paranoid, og har lett bakteriefobi, ler Christina.
- Eg har heile tida tenkt på han som ein litt Karl Lagerfeld-aktig type. Den stramme, elegante mannen som er sosialt ubekvem, men samstundes eit geni.

Om ikkje Roald Dahl var oppteken av mote, klesstil eller skreddarsaum, 60-tals-estetikk, lysande trapper eller store metallkonstruksjonar, så hadde han kanskje likevel vore imponert over arbeidet som er lagt ned i scenografien og kostyma på *Charlie og sjokoladefabrikken*. Når heile den store teatermaskinen, med alle sine kreative hovud og arbeidsame hender får eit synkront sukkerkick, da eksploderer scenerommet i fargar, søtsaker og magiske skapningar.



Og to av dei som har fantasert fram moroa håpar intenst at det i salen sit ein unge eller fleire, som ser på dette og tenker; *denne magien vil eg også vere ein del av!* ●

Tekst: Ida Michaelsen

Foto: Diverse resaerch og kostymeteikningar frå mappene til Gjermund Andresen og Christina Lovery.
Foto av Gjermund Andresen og Christina Lovery: Siren Høyland Sæter.




CHARLIES VERDEN











FAKTA:

SJOKOLADE I NOREG

Dei første kakaobønnene kom til Noreg i 1835, og blei brukt av apotekarar for å lage sjokoladetrekk på bitre piller. I 1852 starta apotekaren Carl Krafft med rein sjokoladeproduksjon i Christiania. Rundt 1890 dukka dei første sjokoladefabrikkane opp. I åra rundt 1900 starta dei store sjokoladeprodusentane som framleis eksisterer i dag opp sine fabrikkar, nemleg Freia, Minde, Bergene og Nidar.



KJAPP SJOKOLADEHISTORIKK

- For 6000 år sidan åt amazonasindianarane frukta frå kakaotrea. Dei valde vekk dei bitre kakaobønnene, men åt fruktkjøtet rundt.
- Mayaindianarane begynte å skilje ut bønnene, rista dei og nytta dette som nyttingsmiddel og medisin.
- Dei kalla treet frukta voks på for *kakaw* – altså: *det gudane tar til seg*.
- Kakao har også i tusenvis av år blitt konsumert som drikk i Mellom-Amerika. Ikkje blanda med mjølk, slik vi gjerne gjer det i dag, meir som ein slags te-drikk.
- Kakao var ein drikk for eliten, og blei sett på som heilag og svært verdifull.
- Kakaoen blei også brukt som betalingsmiddel og offergåve til gudar.
- Da spanjolane erobra aztekerane sitt rike på 1500-talet, tok dei med seg kakaobønnene til Europa.
- Prins Filip av Spania er den første europearen vi kjenner til som drakk kakaodrikke, i 1544.
- I 1657 opna den første kakaosalongen i London, og den kostbare drikken blei eit motefenomen.
- I 1828 fann nederlendaren Coenraad van Houten opp ein metode for å framstille reint kakaopulver ved å fjerne den bitre smaken på bønnene ved hjelp av soda og kaliumkarbonat. Han tilsetje så sukker og kakaosmør, og *voilà!*, så hadde han laga den først mørke sjokoladen!
- I 1847 oppdaga engelskmannen Joseph Fry at ein kunne blande kakaosmør med kakaomasse og sukker, og vips – så var sjokoladeplata fødd!









SJOKOLADEFAKTA

- Ordet sjokolade kjem truleg frå aztekisk *xococ* (sur, bitter, krydra) og *atl* (vatn).
- Lukta av sjokolade skal kunne få deg til å slappe av.
- Ei 200-grams sjokoladeplate krev kakao frå om lag 400 kakaobønner.
- Nordmenn kjøper kvart år sjokolade for om lag 5 milliardar kroner!
- Om du et over 40 vanlege sjokoladeplater på ein gong, kan du døy av sjokoladeoverdose, har forskarar rekna ut.
- Christian Poincheval, ein fransk oppfinnar, har funne opp ei pille som skal få promp til å lukte sjokolade.
- Montezuma, dei gamle aztekerane sin keisar, drakk 50 koppar varm sjokolade kvar dag.
- Sjokolade inneheld over 600 smakskomponentar. Til samanlikning inneheld raudvin rundt 200.
- Sjokolade slepper laus ei mengd signalstoff i hjernen, mellom andre endorfinar som senkar stressnivået, reduserer smertenivået og gir ei kjensle av lykkerus.
- Ein bit sjokolade gir nok energi til å springe 150 meter.
- Sjokolade kan gjere at du ikkje blir så lett solbrend.
- Å ete sjokolade skal betre hugsen og konsentrasjonsevna.
- Å ete sjokolade skal kunne gi den same lykkekjensla som når vi er forelska, på grunn av innhaldet av teobromin og fenyletylamin.
- Sjokolade, spesielt den mørke, kan vere dødeleg å ete for hundar og kattar. Dei toler nemleg ikkje stoffet Teobromin som finst i kakaobønner.
- Sjokolade skal redusere kjensla av å vere trøyyt.
- Sjokolade inneheld antioksidantar, og moderat og regelmessig inntak av mørk sjokolade skal visstnok halde deg friskare og kunne auke forventalevealdar.
- Frå 1922 har det vore luksusskatt på sjokolade. I dag kallar vi avgifta for sukkeravgift.
- Angus Kennedy blir omtala som verkelegheitas Willy Wonka. Han er verdas mest respekterte sjokoladesmakar, og har smakt på rundt 30.000 sjokoladar i sitt liv.





FAKTA:

Ein bit sjokolade
gir nok energi til å
springe 150 meter.














Sjokoladespiondetektiv

Sjokoladespionar var ikkje berre noko Willy Wonka sleit med, men faktisk ei utfordring for fabrikkane som konkurrerte med kvarandre på 1920-talet. Stadig sleipare metodar blei tekne i bruk for å stele dei andre sine superhemmelege oppskrifter og triks. Du har kanskje smakt kokos-sjokoladen Bounty? Den liknar mistenkeleg mykje på den amerikanske sjokoladen Mounds, men fekk namnet Bounty da ein konkurrerande produsent lanserte sjokoladen i England. Det gjekk så langt at fabrikkane måtte tilsette egne detektivar som smaug seg rundt og snuste opp spionar mellom putrande kjelar av drops, sjokolade og karamell. Ikkje eit yrke for nokon med gele i beina, med andre ord ...







KORLEIS LAGAR EIN SJOKOLADE?

Den viktigaste forskjellen i smaken på ulike sjokoladar ligg i korleis kakaofrukta har hatt det, kva jordsmonn den har vakse i og korleis ein har behandla kakaobønna. Bli med og finn ut korleis sjokolade blir til!

Sjokolade består av kakao, kakaosmør og sukker. Mjølkesjokolade inneheld også mjølkepulver, i tillegg har ein del sjokolade ulike smakstilsetjingar, som vanilje.

KAKAOFRUKT, KAKAOBØNNER OG FRUKTKJØT

Kakaofrukta trivst i tropisk klima og veks på tre. Opphavleg fanst kakaotrea i områda rundt Amazonaselva. I dag er størstedelen av kakaoproduksjonen i Vest-Afrika. Frukta blir kutta av trea etter fire månaders modning, så deler ein frukta i to og skjer ut fruktkjøtet. Det er i dette kjøtet at sjølve **kakaobønnene** ligg. Kvar frukt inneheld 30–50 kakaobønner. **Fruktkjøtet** inneheld ei rad ulike *smaksnotar*. Det kan vere smakar av frukt, bær, blomar og nøtter. Nokre er syrlegare og nokre søtare. Ulikt jordsmonn og klima påverkar smaken.

FERMENTERING

Fruktkjøtet blir så lagt i ein treboks, ei korg eller grave ned i bakken dekkja av bananblad. No skal det bli fermentert! *Fermentering* er ein gjæringsprosess som gjer at varmen stig i fruktmassen (kan bli opptil 50 grader!) og mikroorganismar omarbeider fruktkjøtet og bønnene slik at smaken endrar seg. Det er ei hinne rundt bønnene som inneheld sukker, og under gjæring blir dette sukkeret omdanna til alkohol og eddik. Denne prosessen tek om lag 3–4 dagar.

TØRKING

Deretter blir den fermenterte fruktmassen lagt til *tørrking* i 8–12 døgn. Kor mange timar massen blir utsett for sollys, kva underlag den ligg på og veret kan påverke smaken. Ofte blir massen lagt ut på hustak eller på matter.

RØSTING

Så blir bønnene skilde ut frå kakaofruktkjøtet og sendt til fabrikkjen i sekkar. Her blir dei røsta ved høg varme. *Røsting* er ein type varmebehandling som drep bakteriar, skjerpar smaken og gjer det lettare å fjerne skalet frå kakaobønnene. No er det på tide å ta skalet av bønnene, og da står vi igjen med det som heiter *kakaonibs*.

KAKAONIBS, VALSING OG KAKAOMASSE

Kakaonibsane består av halvparten feitt og halvparten kakao. Av desse kan ein lage både sjokolade, kakaopulver, kakaomasse og kakaosmør.

Kakaonibsane blir gjort flytande ved å utsetje dei for varme og **valsing**. Når nibsane er blitt flytande, har vi fått **kakaomasse**. Om ein skil feittet heilt ut, står ein igjen med kakaosmør og kakaopulver.

KONSJING

Når vi har kakaomasse, kan vi blande inn sukker og kakaosmør – og mjølkepulver, dersom ein skal lage mjølkesjokolade. Dette blir så elta og valsa i mange timar – opptil eit døgn – under ein viss temperatur for å bli heilt glatt og fin for at sjokoladen skal kunne smelte på tunga. Dette kallar ein for *konsjing*.

TEMPERERING

For at sjokoladeplatene skal bli blanke og fine, må kakaofeittet i sjokoladen bli *temperert*, altså bli utsett for ei form for varmebehandling. Om sjokoladen blir rett temperert, blir sjokoladen blank og fin og vil lage den gode knekke-lyden når du brekker den.

Heilt til slutt blir sjokolademassen kjølt noko ned før den blir støypt i den forma den skal ha, og så gradvis kjølt ned ytterlegare. Så enkelt er det altså å lage sjokolade! ●

Tekst: Åsne Dahl Torp

FAKTA:

SJOKOLADENS MØRKE SIDE

Det er ikkje berre sjokoladen som kan vere mørk. Også sider ved kakaobransjen er svært mørk og baserer seg på barnearbeid, og arbeid utført av barn og vaksne under forhold ein kan kalle for moderne slaveri. Ein del av kakaoplantasjonane i vest-afrikanske land baserer seg på arbeid utført av barn som rett ut er røva frå familiane sine. Desse barna får ikkje gå på skole, får ikkje sjå foreldra, arbeider lange dagar og nyttar skarpe reiskapar som machetar når dei klatrar opp i trea for å kappe ned kakaofrukt.

SLAVEFRI SJOKOLADE

I samband med oppsetjinga av Roald Dahls *Charlie og sjokoladefabrikkjen*, har Det Norske Teatret inngått eit samarbeid med produsenten av Tony's Chocology, som er 100% fri for barnearbeid og slavearbeid.

SJOKOLADEKRISE

Forskarar fryktar at verda skal gå tom for kakao innan 30 år. Grunnen til dette, er klimaendringar og ein spesiell type sopp som gjer kakaofruktane dårlege.

FAKTA:

Sjokolade skal
redusere kjensla
av å vere trøytt.





BIOGRAFIAR:



Vidar Magnussen

(regissør) har studert teater ved The Weber Douglas Academy of dramatic arts.

Sidan har han jobba som skodespelar og manusforfattar. *The Book of*

Mormon på det Norske Teatret var hans debut som teaterregissør, framsyninga er den mest sette i DNTs historie og fekk Heddaprisen som Årets framsyning i 2018. Etter utdanninga var han tilsett som skodespelar ved Den Nationale Scene frå 2008–11 og Det Norske Teatret frå 2011–2016. Her spelte han mellom anna Sereinimeisteren i *Shockheaded Peter*, ein prestasjon han fekk både Heddaprisen for Beste mannlege hovudrolle og Komiprisen for i 2014. Han har også fått Komiprisen for Beste Nykommar i 2010. I NRK har han vore del av Underholdningsavdelingen og spelt i serien *Side om side*. Magnussen forfatta, co-regisserte og spelte hovudrolla i krimkomedie serien *Magnus* i NRK. Serien fekk strålende kritikkar og tatt ut til hovudkonkurransen under *Cannes International Series Festival* også kjent som Canneseries.

Lars Bleiklie Devik (musikalsk ansvarleg)

er komponist og musikkprodusent, utdanna ved Liverpool Institute for Performing Arts (LIPA) og Norges Musikkhøgskole. Han har i ei årrekke vore låtskrivar og musikkprodusent for Ylvis, og står bak youtube hitane *Stonehenge*, *Jan Egeland* og *The Cabin*. Han gjorde musikken til den prisløna TV-serien deira *Stories From Norway*, og var kapellmeister på *The Expensive Jacket Tour*. Lars var musikalsk ansvarleg for *The Book of Mormon* her på Det Norske Teatret, og var gitarist på *Jesus Christ Superstar* i 2009. Han har laga musikk til ei rad TV-produksjonar for NRK, TV2 og TVNorge. Han har vore gitarist for Trond-Viggo Torgersen og produsert musikk for ei rad sceneproduksjonar, mellom anna *Ylvis III*, *Raske Menns Show 2&3*, *90 Minutter på 80 minutter*, og *ulegøy* med Kevin Vågenes.



Belinda Braza

(koreograf) er tilsett som koreograf ved Det Norske Teatret, der ho òg er del av den kunstnarlege styrings-

gruppa for teaterets satsing ved Rommen scene. Ho er òg kunstnarleg leiar for Bikubekveld og Bikubebarn i tillegg til å vere fagkoordinator for Bevegelsesfaget ved skodespelarutdanninga Det Multinorske. Ho har m.a. koreografert *Utafor*, *Peer Gynt* (også ved Nationalteateret i Zagreb), *Snøkvit*, *Kvitebjørn Kong Valomon*, *Kasimir & Karoline*, *Jungelboka*, *Jesus Christ Superstar*, *Den hemmelege hagen*, *Spelemann på taket*, *Sweeney Todd* og *Shockheaded Peter* for DNT. I tillegg har Belinda hatt koreografien for (i utval) *Tordenskjold* (Trøndelag teater), *Fuglane* (Riksteatret), *Ulven* (Nationaltheatret), *Nøtteknekkeren* (Trøndelag teater), *Romeo og Julie* (Haugesund teater) og på *Peer Gynt* på Gålå. Gjennom «B-Braza productions» har ho produsert fire heilafans framsyningar i sjangeren urban crossover.

Lars Hareide Swenson har sidan 1993 vore profesjonell lydteknikar/ lyddesignar/ systemdeaignar med hovudvekt på musikal, show, event, konsertar, turnear og TV-produksjonar. Sidan 2013 har han i tillegg vore lektor innan lydproduksjon ved Institutt for scenekunst, musikk og studio ved Høgskolen i Kristiania, og sidan 2017 avdelingsleiar for lyd ved Kunsthøgskolen i Oslo. Mellom konsertane og teaterframsyningane han har hatt lyddesignet for, er *Spamalot* ved Folketeatret, kaptein Sabeltann og Hakkebakke skogen i Kristiansand Dyrepark, *Vi som elsker Abba* på Edderkoppen, *Gu kor gøy!* og *Vaffelhjarte* ved Riksteatret.



Gjermund Andresen (scenograf) er utdanna Theatre and Performance Designer ved Liverpool Institute for Performing Arts (LIPA) i 2004. Sidan da har han medverka som scenograf og kostymedesignar i over 80 produksjonar ved dei fleste teatera i Noreg. Nokre framsyningar i utval: *Alice i Vidunderland* ved Nationaltheatret, *Billy Elliot* ved Sandnes Kulturhus, *Georgs magiske medisiner* og *Bukkene Bruse starter Rumpebrann* ved Riksteatret, *Oliver!*, *Lærere for livet* og *Snøfall* ved Oslo Nye Teater, *The Black Rider*, *Et juleeventyr* og *Den sommeren pappa ble homo* ved Hålogaland Teater, *Når enden er god er allting godt*, *Påklederen* og *La den rette komme inn* ved Rogaland Teater, *Peer Gynt* ved Gålåvatnet, *Tryllefløyten* og *Trubaduren* ved Opera Østfold. Gjermund har tidlegare gjesta Det Norske Teatret med *Verdas mest forelska par*, *Felix Fantastiske Orkester*, *Tenk Om*, *Hyper* i Egypt og *The Book of Mormon*.

Christina Lovery (kostymedesignar)

har ein bachelor i kostymedesign frå Wimbledon School of Art ved University of Surrey i London, og ein master i kostymedesign frå Kunsthøgskolen i Oslo. Ho har arbeidd som kostymedesignar ved fleire av dei store teatera nasjonalt og har film- og TV-erfaring både frå Noreg, England, Tyskland og USA. Av framsyningar kan ein nemne *Oslo* og *Tenk om* ved Det Norske Teatret, *Pan* og *Diktatoren* ved Rogaland Teater, *Kristin Lavransdatter* og *Spellemann på taket* ved Den Nationale Scene, *Tordenskjold* og *Nøtteknekkeren* ved Trøndelag Teater, *Alice i Vidunderland* ved Nationaltheatret og *The Mute* med Stavanger Symfoniorkester. For denne fekk ho Heddeprisen for beste scenografi/kostymedesign saman med Arne Nøst og Jill Tonje Holter i 2019. Christina har blitt kjøpt inn av Norske kunsthåndverkeres fond for innkjøp av norsk kunsthåndverk fra samtiden (INK), og ho har ved to høve fått Statens kunstnerstipend.



Torkel Skjærven (lysdesignar)

har studert lysdesign og scenografi ved Yale University i USA 2000–03, og virka deretter som frilans lysdesignar til 2012. Mellom jobbar han har gjort er *Evita* og *West Side Story* ved Kilden Teater og Konserthus, *Les Miserables* og *Alt om min mor* ved Den Nationale scene, *Hamlet* og *Hvem er redd for Virginia Woolf* ved Riksteatret, *Plastilina* og *Trær som faller* ved Nationaltheatret, *Peer Gynt* ved Gålåvatnet, *Aida* og *Carmina Burana* ved Oscarsborgoperaen og *Peer Gynt*-oppsetjinga ved Giza-pyramidane i Egypt. Han er tilsett i åremålsstilling som lysdesignar ved Det Norske Teatret frå 2012, og her har han m. a. hatt lysdesignet til *Tenk om*, *Shockheaded Peter*, *Brand*, *Kan nokon gripe inn*, *Woyzeck*, *Peer Gynt*, *The Book of Mormon*, *Nokon kjem til å kome* og *Lazarus*. Han er også del av scenekunstkompaniet Winterguests.



Svenn Erik Kristoffersen (kapellmeister)



er musikk sjef ved Det Norske Teatret. Han har medverka i dei fleste musikalar på Det Norske Teatret sidan 1985, men har også tatt del i musikalar ved andre teater. Han har også vore

pianist for Kringkastingsorkesteret ved fleire høve, og har arrangert og vore leiar for ulike framsyningar i fleire år. Han har komponert musikk til teater- og danseframsyningar, og for program på NRK og SVT. Han har fått Spellemansprisen for albuma *UHU* og *UHU II*.

Fridtjof Stensæth Josefsen har gått musikklinja på Foss vgs og teaterlinja på Romerike folkehøgskole og har sidan da, i 2011, arbeidd som skodespelar, komikar, tekstforfattar og musikkprodusent. Han har for det meste vore knytt til Seefood TV der han har vore med i 8 sesongar av humorprogrammet *Kollektivet* og humormusikalen *Suksesskolen* på TV2. Han har vore med på å skape, produsere og spele i Humorprogrammet *Hit for hit* på NRK 1. Både *Kollektivet* og *Hit for hit* har vore nominerte til Gullruten for beste humorprogram.





Paul-Ottar Haga har vore fast tilsett ved Det Norske Teatret sidan 1990. Han har gjennom 30 år hatt mange store oppgåver, både i musikalar og i dramatiske produksjonar på alle scenane våre.

Paul-Ottar skal i jubileumssesongen sin spele i Peer Gynt, Charlie og Sjokoladefabrikken, Kva Nashornet såg og Villanda.

Pål Christian Eggen

debuterte på Trøndelag Teater etter Teaterhøgskolen i 2005.

Der gjorde han m.a. roller som Eilert Løvborg i *Hedda Gabler*, Slim i *Om mus og menn*, Thorvald i *Et dukkehjem*, Gregers i *Vildanden*, Edmund i *Kong Lear*, Billy Flynn i *Chicago*, Tiger Brown i *Tolvskillingsoperaen* og Ulven i *Rock 'n roll wolf* – ei rolle han blei nominert til Heddaprisen for. Frå 2011 har han vore ved Det Norske Teatret. I 2014 spelte han Tevje i *Spelemann på Taket*. Han har medverka i *Norge-Brasil – Ein fotbollopera*, *Das Boot*, *Woyzeck*, *Mor Courage*, *Stort og Stygt*, *Halve Kongeriket*, *Tenk Om*, *Kan nokon gripe inn* og *Den siste kongsfesten*. I 2019 og 2020 spelar han Peer i *Peer Gynt* på Gållå. For tida spelar han også Peer Gynt her på huset og Valentine i *Lazarus*. I 2019 fekk han Radioteatrets Blå Fugl for rolla som Vebjørn Tandberg. Eggen har spelt i NRK sin *Kampen for tilværelsen* og *Mammon*.



Catharina Vu gjekk ut frå skodespelarutdanninga Det Multinorske ved Det Norske Teatret/Nord universitet i 2018. Etter enda utdanning har ho vore knytt til Det Norske Teatret der ho har spelt kanin i *Snøkvit* og tittelrolla i *Nila* og

den store reisa og i *Lazarus*. Ho spelar rolla som Pim i *Exit* på NRK og skal turnere med Riksteatret som Lena Lid i *Vaffelhjarte* våren 2020.

Ellen Birgitte Winther er utdanna ved Statens Teaterhøgskole. Ho debuterte ved Trøndelag teater i 2000. Seinare har ho arbeidd ved Den Nationale Scene i Bergen, Hålogaland Teater, Nordland Teater og Oslo Nye Teater. Ho har spelt roller som Kristine Linde i *Et dukkehjem*, Solveig i *Peer Gynt*, Helena i *En midtsommernattsdrøm*, Stella i *En sporvogn til begjær*, Rita Almers i *Lille Eyolf*, Masja i *Tre Søstre* og Rosa i *Benoni* og *Rosa*. Ho kom til Det Norske Teatret i 2016, og her har ho vore med i mellom anna *Songfuglen*, *Inkognito*, *Openberinga*, *Den siste kongsfesten* og *Vår vesle*. Ho har vore med i filmar som *Vegas* og *Her er Harold*, og TV-seriar som *Valkyrien*, *Grenseland*, *Magnus*, *Twin* og *Heksejakt*.



Julie Støp Husby er utdanna ved Högskolan för scen och musik (tidl. Teaterhögskolan) i Göteborg (2010–2013). Sidan eksamen i 2013 har ho hovudsakleg arbeidd ved Nationaltheatret, Riksteatret og Oslo Nye Teater. På Oslo Nye Teater alternerte ho med Herborg Kråkevik i tittelrolla i *Den glade enke*, og hadde premiere på si eiga soloframsyning *Lev sjøl – en guide til livet med Joni Mitchell og Jan Eggum*. Denne framsyninga har seinare gjestespelt på fleire ulike scenar i landet, mellom anna Nationaltheatret og Haugesund Teater. Andre produksjonar/roller i utval: Nationaltheatret: *Ulven*, *Musikkklub vol. 2: En Folkefiende* i rolla som Petra Stockmann, og i *Musikkklub vol. 3: Ungen*. Riksteatret: *Samfunnets Støtter* i rolla som Dina Dorf og som Knappestøperen i *Peer, du lyver!*. Våren 2020 medverkar Julie i Charlie og sjokoladefabrikken og Slåttekår i himmelen.



Kristoffer Olsen har utdanning frå Guildford School of Acting i Storbritannia. Han debuterte på Det Norske Teatret som Eldste Cunningham i *The Book of Mormon*, og har tidlegare medverka i m.a.

Les Miserables (Hålogaland teater), *Skjønnheten og Udyret* (Christiania teater), *Laurel & Hardy* (McGriegor Hall), *Joseph & the Amazing Technicolor Dreamcoat* (Frinton) og *Cole* (Yvonne Arnaud Theatre). Han har spelt roller i TV-seriar som *Holby City* (BBC), *Father Brown* (BBC), *Magnus* og *Hellums Kro* (NRK), og har gitt stemme til fleire norske animasjonsfilm. I 2018 vann han Musikkteaterprisen for rolla i *The Book of Mormon*, og han blei nominert til Heddaprisen same år. Tidlegare har han vunne The Stephen Sondheim Society Performer of the Year Award.

Geir Kvarme er utdanna ved Statens Teaterhøgskole 1986–1989. Han var tilsett ved Nationaltheatret frå 1989 til 1997 og debuterte i *Utledningen* av Larry Shue. Geir har og vore tilsett ved Oslo Nye Teater, Riksteatret og Den Nationale Scene i Bergen. Han gjesta Det Norske Teatret første gongen i 2008 og har vore fast tilsett her sidan 2017. Han har medverka i ei rekke TV- og filmproduksjonar, mellom anna *Fredriksson Fabrikk*, *Offshore*, *Jul i Blåfjell*, og *Nr. 13* på NRK. Geir blei nominert til Heddaprisen for rolla som Roger de Bris i *The Producers* ved Oslo Nye Teater i 2011.



Jonas Fuglevik Urstad

var elev ved Bårdar Akademiet frå 2009–12. I tillegg til å spele Ben i *Lazarus*, Eldste McKinley i *The Book of Mormon* og unge Peer i *Peer Gynt*, har han mellom anna spelt Tjallstein i *Robin Hood – Rai Rai i Sherwood-skogen* og Balthazar i *Juleevangeliet – The smash hit musical* ved Trøndelag Teater. Ved Det Norske Teatret har han òg medverka i *Kvitebjørn Kong Valemon*, *Tenk om, Halve kongeriket*, *Sweeney Todd* og *Kva nashornet såg*. Han hadde rolla som Lefou i *Skjønnheten og Udyret* ved Christiania Teater.



Hans Magnus Hildershavn Rye

studerte ved Guildford School of Acting 2009–12. Ved Det Norske Teatret har han spelt mormonar i *The Book of Mormon*, Serdal i *Nila og den store reisa* og Zach i *Lazarus*. Mellom roller han har spelt tidlegare er Big Deal i *West Side Story* ved Kilden Teater og Konserthus, Stanley Stubbers i *One Man, Two Guvnors* ved Theatre Royal Windsor, i tillegg til Olaf Hammer of Thor i *Eurobeat Moldova* ved Pleasance Grand Edinburgh og Malvolio i *Twelfth Night* i Bahrain og Qatar. På TV har Hans Magnus m.a. spelt i program som *Side om Side*, *YLVIS: Stories From Norway* og *Parterapi*. Hans Magnus er også vokalist i Nordstrand-bandet Munkerud Turn.



Gaute Adela Aastorp Cudjoe er utdanna skodespelar frå Nord Universitet (tidlegare Hint) 2014–17. Han studerte teaterteknikk ved Nordic Black express 2011–13 og debuterte med *Hope Rode 56 revisited* i regi av Nordic Black Theatre og Den Norske Opera og Ballett i 2018. Ved Det Norske Teatret har han vore med i *The Book of Mormon* 2018/2019 og hausten 2019 spelar han rolla som Jamal i *Tante Ulrikkes vei*. Han har dubba stemma til Will Smith's Genie i den nye filmen *Aladdin*, og fleire stemmer i Disney sin *Find me in Paris*. Han har spelt i seriar som til dømes *Helt perfekt* og *Hvite gutter*. Han debuterte som dramatikar i framsyninga *Hausman city 2.0* og blei tatt med i Dramatikken Hus sin katalog for nyskrive dramatikk 2018/19, med monologen *Siste kvelden ved elva på haus*. Adela er medlem av teaterkompaniet *Feil Teater*.



Ingrid Jørgensen Dragland



Debuterte på Rogaland Teater og spelte Sally Bowles i *Cabaret* der før ho blei knytt til Det Norske Teatret frå 1997. Ved DNT har ho medverka i ei rekke musikalar som til dømes Tom Waitz *The Black Rider* og *Woyzeck*.

Ho har og vore med i m.a. *Ung Evig*, *Spelemann på taket*, *Kan nokon gripe inn*, *Edda*, *Jesus Christ Superstar*, *Tolvskillingsoperaen* og *Lazarus*. Ho har og spelt store Ibsen-roller som *Fruen fra havet* og *Hedda Gabler*. I *Peer Gynt* i 2018/2019 spelte ho Mor Aase. Ho har og vore å sjå som Oddfrid i NRK-serien *Lykkeland*. Dragland har produsert musikalske soloframsyningar med band som og har turnert internasjonalt. Hausten 2018 debuterte ho som dramatikar med *Yogakrigen* på Sogn og Fjordane Teater. Ho har og levert tekstar til *Heim 1* og *Heim 2* på Hordaland Teater i Bergen. Sist medverka ho i *Leve henneleg* på DNT, ei framsyning ho òg komponerte musikken til.



Amanda Kamara er sanger, låtskrivar og skodespelar med utdanning frå Bårdar Akademiet (2013–2015). Ho har arbeidd ved Det Norske Teatret sidan hausten 2017, og har spelt i framsyningane *Snøkvit* (2017), *The Book of Mormon* (2017–2019), *Nila og den store reisa* (2018) og *Lazarus* (2019–). Våren 2017 sleppte ho sin første singel *Limbo*, og deretter låta *Can't sing under water*. Amanda har også spelt i NRK-serien *Magnus*.



Joakim Ousdal studerte musikkteater ved Bårdar Akademiet og Bårdar International frå 2012 til 2015. Han har vore tilsett ved Det Norske Teatret sidan 2017 og har medverka i m.a. *The Book of Mormon*, *Nila og den store reisa*, og *Snøkvit*. For tida spelar han Teenage girl i *Lazarus*. Han har tidlegare jobba som skodespelar i *Hakkebakkeskogen* og *Kardemomme by* i Dyreparken i Kristiansand (i rolla som Mikkel Rev mfl.), som artist ved Garbos Dinnershow, og som skodespelar ved Lillestrøm Kultursenter, der han m.a. har spelt rolla som Prinsen i *Tre nøtter til Askepott*.



Hilde Olaussen gjekk ut frå elevskolen på Det Norske Teateret i 1981, og har sidan vore fast tilsett her. Ho har spelt eit utal framsyningar i ulike sjangrar, til dømes som Gretchen i *Faust*, *Privattimen* av Eugenie Unesco, *Ordet* av Kai Munk. *Bikubesong* av Frode Grytten, *Vår Vesle* og *Den knuste krukka*, for å nemne noko. Hilde har vore på Trøndelag Teater i 5 år. Med roller i *Vildanden* og *John Gabriel Borkmann* og musikalen *Cabaret*. Ho har og medverka i ulike filmar, som *Elling* av Ingvar Ambjørnsen, i *22 July* som mora til Breivik og *Møterommet* av Elle Ugelstad. Hilde skriv og dramatik og har sett opp tre skodespel, *Stjerna*, *Ja, her er tiarikker* og *Jul i Prøysenland*.

Emil Rodrigo Jørgensen

har studert skodespelarteknikk ved Nordic Black Theatre frå 2011–13. I 2018 blei han uteksaminert frå Det Multinorske og har arbeidd på Det Norske Teatret sidan da. Her har han spelt i *Nila og den store reisa*, *The Book of Mormon* og spelar denne hausten i *Eit Liv* på Scene 3. Emil kjem frå Tromsø og etter *Charlie og sjokoladefabrikken* vender han snuten heimover for å spele på Hålogaland Teater våren 2020.



Ragnhild Meling Enoksen

gjekk ut frå Teaterhøgskolen i Oslo (KHiO) i 2017, og sidan da har ho vore med i fleire framsyningar her på Det Norske Teatret, til dømes *Snøkvit*, *Nila og den store reisa*, *Vinje 200 år*, *Dette Barnet* og *Tante Ulrikkes vei*. Ho har og spelt Yolette i *Ofelias begjær* for Stueproduksjoner i 2018 og medverka i fleire kortfilmar, mellom anna *Det er min jævla dag* og *Safiyah*, begge frå 2018.




Manish Sharma Utdanna skodespelar frå Kunsthøgskolen i Oslo våren 2019. Har vore knytt til Det Norske Teatret sidan. Han spelar rolla som Mo i *Tante Ulrikkes vei* på Rommen Scene.

Christian Ruud Kallum er utdanna frå Kunsthøgskolen i Oslo 2011-2014. Han debuterte på Trøndelag Teater i 2015, der han mellom anna spelte Leonce i *Leonce og Lena*, Bongo i *Doppler*, Tvilling i *Tvillingenes dagbok*, Jørgen Tesman i *Hedda Gabler*, Dr. Relling i *Vildanden* og Ivan Karamasov i *Brødrene Karamasov*. For rolla i *Doppler* blei han i 2016 nominert til Heddaprisen i kategorien Årets manlege medspelar. Frå 2018 har han vore knytt til Det Norske Teatret og har mellom anna medverka i *Antigone*, *Mare* og *Tusen takk teater*. Hausten 2019 er han aktuell som Asle i *Trilogien* i regi av Luk Perceval. Han er og med i den nye Netflix-serien *Hjem til jul*.



Peter Andreas Hjeltnes Moseng er 11 år og går på Skøyen skole. Han spelte nisse/skogsbarn/fugl og vis mann i *Reisen til Julestjernen* på Nationaltheatret (2017), og var geitekillingen Bobo i *Ulven* på Nationaltheatret (2018). Han var eit av barna i *Trollmannen fra Oz* på Chateau Neuf i 2019, og var med som barneheimsbarnet Jojo i Art Musikal og ballettskole si oppsetting av *Annie* (2019), ei amatørteaterframsyning som kjem opp igjen i 2020. Julia 2020 blir han å sjå i NRK sin nye julekalender *Stjernestøv*. Han dubbar òg filmar og seriar, til dømes er han stemma til Georgie i filmen *Mary Poppins vender tilbake* (2018). Peter var ein av konferansierane under Heddaprisen i 2019 og har ei lita rolle i filmen *Glædelig jul* som kjem i 2020.

Ole Opsal Stavrum er elev i 7. klasse på Ekeberg skole. Han har tidlegare vore med på *Julemorgen* og musikkvideoar på NRK, spelt ung Cosmo Brown i *Singin' in the Rain* og Gavroche i *Les Miserables* på Folke-teateret, geitekillingen Andrei i *Ulven* på Nationaltheatret og fleire roller i *Trollmannen fra Oz* på Chateau Neuf. Ole var ein av konferansierane under Heddaprisen i 2019 og han dubbar seriar og filmar.



Unn Vibeke Hol er utdanna frå Statens Teaterskole, med praksisår i Fjernsynsteatret. På Det Norske Teatret har ho hatt varierte opp-gåver gjennom 45 år, alt frå Julie i *Romeo og Julie* til Nasse Nøff.

Ho har spelt Ho i *Nokon kjem til å komme*, Charlotte i *Nattverden*, Mor i

Shockheaded Peter, Vivian i *Lucky Happiness Golden Express*, Den falske volva i *Edda*, Presten i *Peer Gynt* og Gamla og Fødekona i *Trilogien*. Hennar eigen framsyning *Mens hjula står* (2003) blei sist vist på Oskarshall i 2017. Ho har lånt stemma si til fleira bokinnlesingar og radio-teater, til dømes *Døde menn går i land*, og har vore med i ulike filmar og TV-seriar, sist i *Valkyrien* på NRK. Unn Vibeke har gitt teiknefilmstemme til: *Snehvit*, *Cruella de Ville*, *Den blå feen*, *Snorkfrøken* og mange andre.

Tiril Heide Steen har jobba som skodespelar og songar sidan 2009 og har vore knytt til teater som Riksteatret, Brageteatret, Haugesund Teater og Rogaland Teater. Ho har arbeidd som skode-spelar ved Kruttårnteatret i tre år. Ved Det Norske Teatret har ho mellom anna vore med i Robert Wilsons *Edda*, *Halve Kongeriket*, *Tenk om* og *Lazarus og Faens Nisse*. Som songar har ho halde ei rekke konsertar og har turnert med konserthylles-ten sin til Billie Holiday, *Tiril og Billie – fra en fan til en diva*. Tiril er ein mykje brukt stemmeskodespelar og er mellom anna fast norsk stemme for Disney sin Tingeling.




Gina Bernhoft Gørvell er utdanna frå Kunsthøgskolen i Oslo (2016–2019). Ho debuterte i Trine Wiggens opp-setting *Leve Hemmeleg* av Jon Fosse på Det Norske Teatret hausten 2019.

Ho er denne sesongen også aktuell som Hedvig Ekdal i *Villanda* på Scene 3.



Paul Åge Johannesen er utdanna ved Norges Musikkhøgskole og Statens Operahøgskole. Han har jobba ved Riks-teatret og Den Norske Opera og Ballett, men har vore fast knytt til Det Norske Teatret sidan 1987. Han har medverka i teater, opera, musikal, operette, revy, kabaret, konsertar og oratorium i inn- og utland, og har hatt roller som Mefistofeles i *Faust*, Peron i *Evita*, Javert i *Les Misera- bles*, Operafantomet i *Operafantomet*, Prof. Higgins i *My Fair Lady*, Dr. Falke i *Flaggermusen*, Blikkboksmannen i *Trollmannen frå Oz*, Løven Aslan i *Draumen om Narnia*, Zach i *A Chorus Line*, Don Quijote i *Don Quijote*, Shimon Perez i *Oslo*. Han har gitt stemme til Disneyfigurar som Balloo i *Jungelboken I og II*, Gaston i *Skjønnheten og udyret*, Thomas O'Malley i *Aristokattene*, Frolo i *Ringeren fra Notre Dame* og Facilier i *Prinsessen og frøsken*. Paul Åge har skrive skodespela *Henrich* og *Annicken* og *Chris- tian Frederik* og undervist ved Statens Teaterhøgskole, Norges Musikkhøgskole og Den Norske Balletthøgskole.



Øyvind Berven har vore tilsett ved Det Norske Teatret sidan 1987, men har også spelt roller ved Nationaltheatret, Rogaland Teater, Den Nationale Scene og Den Norske Opera og Ballett. Han har mellom anna spelt Klovnene i *Guten og Stjerna*, ulike roller i Stein Winges Shake-



speare-prosjekt, Lasse H. i *Sju dagar i august* og Thor Bjørnevog i *Oslo*. I 2002/2003 var han med i Yngve Sundvors prosjektgruppe Utan Filter på Prøvesalen. Her spelte han i framsyningane *Mett*, *Familien Bra* og *Hedda Gabler*. Han har og erfaring frå film og fjernsyn, og spelte mellom anna hovudroller i Wam og Vennerød-filmene *Drømmeslottet* og *Hotell St. Pauli*, han var programleiar for Barne TV-serien *Huset med det rare* i (NRK) og har vore skode- spelar i *Hotel Cæsar* (TV2).

Svein Roger Karlsen gjekk ut av Statens Teaterhøgskole i 1985. Han har vore tilsett ved Riksteatret, Teatret Vårt, Trøndelag Teater og Oslo Nye Teater. Her gjorde han store roller m.a. i *Utlendingen*, *Frakt under havet*, *Sluttspill*, *An-Magritt*, *Peer Gynt* og *Mens vi venter på Godot*. Svein Roger Karlsen kom til Det Norske Teatret i 1997 og har m.a. hatt store roller i *Ein seljars død*, *Tusen år og like blid*, *Vakkert*, *Bikube- song*, *Namnet*, *Jungelboka* og *Raskolnikov*. Han har også vore Kaptein Sabeltann fleire somrar. Karlsen har gjort ei rekkje roller i film og på fjernsyn, m.a. hadde han hovud- rolla i *Hodet over vannet*. Han har også hatt roller i NRK-seriar som *Nini*, *Vaffelhjarte*, *Side om side* og *Heimebane*.



**KLIPP MEG UT OG LAG
DITT EIGE SJOKOLADEEVENTYR**

WILLY WONKA



CHARLIE



VERUCA SALT



CHARLIE



MIKE TEAVEE



AUGUSTUS GLOP



VIOLET BEAUREGARDE









**DET
NORSKE
TEATRET**

FØLG OSS



Facebook: detnorsketeatret **Twitter:** @detnorsketeatre **Instagram:** #detnorsketeatret
www.detnorsketeatret.no **BILLETTLUKA:** 22 42 43 44



OBOS



AkerBP

